
Fra: Marius Tenden <kontor@hamm-kam.no>
Sendt: onsdag 1. april 2020 10:09
Til: Postmottak Alver
Emne: Førespurnad til avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp
Vedlegg: Situasjonsplan garasje Erlend Rikstad.pdf; Byggjesaksteikningar garasje Erlend Rikstad.pdf; Bilete av skjæring mm.pdf

Kan de vidaresende til avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp.

Hei.

Det er søkt om tiltak på gbnr: 425/81.
Vedlagt ligg bilete, teikningar og situasjonsplan.

I følgjebrev har eg kommentert;

Tiltaket omfattar oppføring av ny garasje samt planering/terrengtilpassing av område rundt. Eigedomen har i dag ikkje snuareal på eige areal, såleis vert dette ein stor oppgradering av eigedomen og trafikktryggleiken.

Tiltaket omfattar og mindre tiltak på naboeigedom, dersom dette er ok for dykk som eigar. Det er ikkje søkt om, eller diskutert dette med dykk, men det vart diskutert med Radøy før samanslåinga, der ein var einig i att dette var ein vinn-vinn situasjon.

Her vert det ein del stein til overs ved terrenginngrep, som tiltakshavar då slepp å kjøre vekk. Snuplassen drar nytta av å bli litt utvida og fint avslutta ned mot eigedom 425/81.

Vonar det og er ok for dykkar del.

Valgte å ikkje sende inn førespurnad om dette først, sidan det var enklare å forklare tiltaket via søknad.

Tiltaket er heller ikkje avhengig av å nytte arealet ved snuplass, det er som sagt berre ein fordel for begge partar.

Det vert og ein finare avslutning med skråareal mot parkeringsplass enn ei skjæring.

Dersom de krev signatur på eige skjema for søknad om tiltak på andre sin eigedom, ordnar eg dette med rett avdeling, men treng i desse samanslåingstider å bli peika i rett retning.

Når det gjeld planlagt skjæring, vil denne følgje allereie eksisterande skjæring ved snuplass.

Så sjølv om det ser voldsomt ut på teikninga, er det naturleg i forhold til eksisterande terreng.

Sjå vedlagte bilete av eksisterande snuplass, skjæring og terreng (vedlegg F-2)

Eg fekk ein merknad på nabovarsel av dykk (Alver Kommune);

- Ei eventuell mindre utviding av snuplass må avtalast særskilt med Avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp.

Sender difor mail til dykk med førespurnad om dette kan vere ok?

I tillegg til fordelar med utviding og avslutning nemnt over, vil det og bli moglegheit å betre dekke overgang på eksisterande kommunal «elvestad» leidning i nærleiken.

Med vennleg helsing

Marius Tenden
For



Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035